



KLEPP KOMMUNE

KOMMUNEHUS OG KYRKJE

Invitasjon til prekvalifisering



Avgrensa plan- og designkonkurranse

18.12.2020

Oppdatert

19.01.2021

KLEPP KOMMUNE

TILTAKSHAVER	KLEPP KOMMUNE	
TILTAK	PROSJEKT 1200 – KOMMUNEHUS/KYRKJE	
KAP.	Invitasjon til prekvalifisering	Side 1 av 19

INNHALDSLISTE

1.0	KOMMUNEHUS/KYRKJE - EIT BYGG FOR ALLE.....	2
2.0	KLEPP KOMMUNE.....	3
3.0	KLEPP KYRKJELYD.....	5
4.0	KOMMUNEHUS KULTURDEL.....	6
5.0	ADMINISTRASJON.....	8
6.0	OMBYGGING OG REHABILITERING	9
7.0	OM ARKITEKTKONKURRANSEN.....	11
8.0	OM PREKVALIFISERINGA.....	13
9.0	VEDLEGG.....	19

TILTAKSHAVER	KLEPP KOMMUNE	
TILTAK	PROSJEKT 1200 – KOMMUNEHUS/KYRKJE	
KAP.	Invitasjon til prekvalifisering	Side 2 av 19

1.0 KOMMUNEHUS/KYRKJE - EIT BYGG FOR ALLE

Klepp kommune skal rehabilitera eksisterande kommunehus på 6940m² og byggja eit nytt tilbygg på 1380m² inkludert ein kyrkjesal med plass til 500 personar. Romprogrammet legg opp til stor grad av sambruk og fleirbruk, for å få til effektiv utnytting av areala.

Mål for prosjektet er " **Eit bygg for alle** " med verdiar som:

- Gevinst av samlokalisering
- Ope og inviterande
- Aktive møtearenaer med samskaping
- Tydeleg miljøprofil

Bygget skal romma kommunen sin administrasjon med ca. 100 arbeidsplassar og ca. 20 arbeidsplassar for kyrkja. I tillegg kulturaktivitet med 1 stor og 1 mindre kultursal, kulturskule, lokale for ungdomskultursenter, frivilligsentral, bibliotek m.m.

Nytt kommunehus med kultur- og kyrkjefunksjonar er eit sentralt element i sentrumsutviklinga i Kleppe. Det er difor viktig å få til gode løysningar som kan gi rom for fellesskap i desse bygga i sentrum. Løysinga skal gje svar på arkitektoniske kvalitetar, bygningsmessige romlege moglegheiter, samt arealeffektivitet i dei ulike løysingane.

Regulering av tomta er varsla og reguleringsplanen vil bli 1. gangs-behandla før arkitektkonkurransen vert utlyst.


Oppdragsgivar for dette oppdraget er Klepp kommune ved Samfunn og kultur.

TILTAKSHAVER	KLEPP KOMMUNE	
TILTAK	PROSJEKT 1200 – KOMMUNEHUS/KYRKJE	
KAP.	Invitasjon til prekvalifisering	Side 3 av 19

2.0 KLEPP KOMMUNE

Klepp kommune er ein landkommune med ca. 20 000 innbyggjarar. I Klepp sokn bur det 10464 personar

Kommunesenteret ligg ca. 25 km. sør for Stavanger og ca. 18 km. frå Stavanger lufthamn, Sola.



Bilete med kart over Klepp Kommune

TILTAKSHAVER	KLEPP KOMMUNE	
TILTAK	PROSJEKT 1200 – KOMMUNEHUS/KYRKJE	
KAP.	Invitasjon til prekvalifisering	Side 4 av 19

Kommunen sin nye visjon er « Med blikk for alle»

Nytt kommunehus med kultur- og kyrkje-funksjonar vil vera eit viktig element i sentrumsutviklinga i Kleppe saman med aktivitetsparken som skal byggjast på nabotomta. Parken skal vera med på å definera sentrum i samspel med det nye kommunehuset og kyrkja.



Skisse av aktivitetsparken mot eksisterande rådhus (aktivitetsparken er ikkje ein del av denne konkurransen)

TILTAKSHAVER	KLEPP KOMMUNE	
TILTAK	PROSJEKT 1200 – KOMMUNEHUS/KYRKJE	
KAP.	Invitasjon til prekvalifisering	Side 5 av 19

3.0 KLEPP KYRKJELYD

Klepp sokn har ca. 8000 medlemmar. Klepp kyrkjelyd driv, gjennom heile veka, eit rikt arbeid blant barn og unge som deltar i ulike aktivitetar.

Kyrkjedelen skal innehalda fylgjande hovudfunksjonar:

- Kyrkjerom
- Kyrkjelydssal
- Sakristi, lager og birom

Den nye kyrkjesalen skal etter kyrkjelova ha sitteplassar til 500 personar.

I tillegg til funksjonar som bryllaup og gravferd, består kyrkjelydsarbeidet av ei rekke forskjellige aktivitetar som konfirmantundervisning, møter, konserter, kor, lag og foreningsverksemrd for barn, unge og vaksne. Den nye kyrkja skal kunne romma dette mangfaldet av aktivitetar og leggja til rette for at ulike aktivitetar skal kunne gå føre seg samtidig.

Klepp kyrkjelyd ser for seg ein fleksibel bruk av salen til gudstenester i ulike former, samt bryllaup og gravferd. Samlingar for familiar, konfirmantar og opplegg spesielt retta mot born. Vidare vil ulike typar konserter vera aktuelle å arrangere i kyrkja. Til mange av desse aktivitetane vil det vera aktuelt med servering av middag, kaffi og kaker.

Før kyrkjelege handlingar er det mykje som skal forberedast. Dette må kunne gjerast i nærleik til kyrkjerom og sakristi.

Nærleiksdiagrammet syner bruk av areal i tilknytning til kyrkjerommet, der sambruk med kultur og administrasjon vil kunne gje utnytting av areaala på ein god måte og gje samskaping på tvers av aktivitet og til ulike tider på dagen.

TILTAKSHAVER	KLEPP KOMMUNE	
TILTAK	PROSJEKT 1200 – KOMMUNEHUS/KYRKJE	
KAP.	Invitasjon til prekvalifisering	Side 6 av 19

4.0 KOMMUNEHUS KULTURDEL

Kultur verksemd har ambisjonar om følgjande;

- Kulturlokale med stor variasjon i tilbod av opplevingar, opplæring og eigenaktivitet, der svært ulike grupper og organisasjonar sjølv kan stå for svært ulike typar arrangement.
- Pulserande liv, høge brukar-/ publikumstal, variasjon og samhandling mellom ulike alders- og interessegrupper, samt vide opningstider frå morgon til kveld heile veka, heile året
- Lokala som innbyr til sambruk og samarbeid, bredde og variasjon, felles ressursutnytting, nytenking og generering av ny aktivitet.
- Kulturlokala må vera funksjonelle, opne fleksible og romma mangfaldet av aktivitet, kunst- og kultursamarbeid, samt gje høve til utviding og møta framtidige utfordringar knytt til skiftande interesser og auka bruk. Kulturlokala må kunne endrast i tråd med nye trendar og behov og romma mange og varierte aktivitetar og arrangement som skjer samtidig.

Kommunen sine driftsavdelingar på kulturområdet er bibliotek, kulturskule, ungdomskultursenteret Axis samt frivilligsentral. Verksemde femner alle innbyggjarar, aldersgrupper og interesseområde. Storsal må ha plass til 500 personar og skal kunne huse konserter, kulturforestillingar, konferanse- og møteverksemd, samt seremoniar. Full takhøgd krevst. Som rom for framføring av musikk, er akustikk eit kjerneord. Alle dei kommunale kulturverksemde er venta å ha høge brukar og publikumstal og kontinuerleg aktivitet. T.d. har bibliotek ope 365 dagar i året frå kl. 07 til 23. Kulturskulen skal ha undervisningsrom for musikk- og kunstopplæring, samt tilgang på ulike aktivitetsrom- og salar som og blir nytta av Axis og andre: formingsrom, blackbox, bandrom, dansesal m.m. Berre Klepp frivilligsentral driv 50 ulike tilbod og har 450 frivillige, i tillegg til mange deltakarar utanom.

Ungdomskultursenteret skal ha ei rekke ulike rom for sosial-kulturell aktivitet, kjøkken, kafe, spelerom m.m. som gir høve både for uformelle samkome og fordjupande interessebasert aktivitet. Tilsette i kulturverksemde må ha samla kontorplass i umiddelbar nærleik til publikumsareal og kjernelokale. Tilsette i kulturskulen skal kunne nytta undervisningsromma for kontorarbeid. Alle dei 4 nemnte verksemde må ha eigne kjernelokale, men skal også kunne nytta fellesrom-, salar og spesialrom. Fleksibilitet, fleirbruk, sambruk og mangfold er stikkord for arbeidsform og samarbeidsdesign. Tilgang på kjøkken for matlaging, rom av ulik storleik og med forskjellig bruksføremål, står sentralt. Det skal vera foredragsverksemd, debattmøte, kurs, konserter og forestillingar, black-box, bandrom og dansesal.

Fellesareal må sjåast i samanheng med biblioteket som hjarte i kulturverksemda og som port til øvrig kulturverksemd. Bygget skal også romma eit livssynsnøytralt rom- og eit rom for vigsel. Livssynsnøytralt seremonirom må ha ei utforming som ivaretar høge brukstal og

TILTAKSHAVER	KLEPP KOMMUNE	
TILTAK	PROSJEKT 1200 – KOMMUNEHUS/KYRKJE	
KAP.	Invitasjon til prekvalifisering	Side 7 av 19

tilsvarande standard for verdigkeit og høgtid som t.d. eit kyrkjerom, og det må vera tilknytt eigen inngang, slik at seremoniar kan skjermast frå øvrig aktivitet.

Nærleiksdiagrammet syner kva areal det er behov for til bibliotek, ungdomskultursenteret Axis, frivilligsentral og kulturskulen, med samt kultursalar, samt korleis desse romma kan nyttast i samskaping med kyrkja sine aktivitetar og andre brukarar.

TILTAKSHAVER	KLEPP KOMMUNE	
TILTAK	PROSJEKT 1200 – KOMMUNEHUS/KYRKJE	
KAP.	Invitasjon til prekvalifisering	Side 8 av 19

5.0 ADMINISTRASJON

I det nye kommunehuset er det lagt opp til at dagens administrative stillingar på rådhuset skal samlast i ein kontordel. I tillegg er kyrkja sine administrative stillingar også lagt til i kontordelen.

I alt er det dermed i overkant av 120 personar som vil ha sin arbeidsplass i kontordelen. Arealmessig er det føresett at kontordelen vert inndelt i mindre kontorlandskap med tilhøyrande møterom og støtterom som er omtalt under:

Litteraturen gir følgande fire anbefalingar for utforming av støtterom/møterom:

1. Hybridrom i direkte nærheten til arbeidssonene. Funn kan tyde på at det bør byggjast ei hybridversjon mellom telefonrom og cellekontor, med storleiken og plasseringa til telefonrom, og innreiing til et enkelt cellekontor. Rommet sine primæroppgåve er å sørge for moglegheit til isolasjon frå arbeidsplassen ved impulsivt behov. Dette gjeld for telefonsamtalar, digitale møter, diskusjonar mellom kollegaer og ved arbeid som krev særleg konsentrasjon. Funna i casen tilseier at det bør førast opp cirka eit rom per 8. tilsette.
2. Støtterom for 2-5 personar Litteraturen viser og stort behov for rom med plass til 2-5 personar, for aktivitetar som videokonferansar, brain-storming, problemløysing i gruppe, diskusjonar og planlegging. Rom kan vera av ulik karakter, som eit rom for par-arbeid og eit rom for gruppearbeid. Utrekningar gjer grunn til å tru at det bør byggjast eit slikt rom per 6. tilsette, med en 60/40 fordeling til prosjektrrom for par-arbeid.
3. Møterom for 6-10 personar. Frekvens og lengd av denne typen møteaktiviteten er relativt låg totalt sett. I denne casen ser me at dekningsgraden på rom kan vera eit rom per 40/50 tilsette, kontra noverande situasjon med eit rom per 22 tilsette.
4. Konferanserom og rom med plass til 10+

Nærleiksdiagrammet syner aktivitet og arealbruk for administrasjonen.

TILTAKSHAVER	KLEPP KOMMUNE	
TILTAK	PROSJEKT 1200 – KOMMUNEHUS/KYRKJE	
KAP.	Invitasjon til prekvalifisering	Side 9 av 19

6.0 OMBYGGING OG REHABILITERING

Klepp rådhus er frå 1973, eit klassisk bygg med prefabrikkerte betongelement. Rådhuset er i dag i stor grad autentisk som då det vart bygd, både eksteriørmessig og delvis og innvendig.

Bygget har ingen vernestatus, men Rogaland fylkeskommune har gitt innspel til rehabiliteringa og har opna for å ta vare på element eller delar av interiøret, samt delar av fasaden med betongelement og betongribber.

Frå Rogaland fylkeskommune sin merknad til varsel om oppstart:

Rådhuset, som ble bygget i starten av 70-tallet har en tidstypisk arkitektur og var i lokal sammenheng et ganske grensesprengende symbol på nye tiders innmarsj. I dag er rådhuset ett av svært få bevarte kulturminner i Klepp sentrum. Det er i regional kontekst et svært flott eksempel på datidens arkitektur.

Huset er bygd opp med en ribbe-/lamellkonstruksjon i ytterveggene. Dette er det overordnede strukturerende element i fasaden, som har et karakteristisk, senfunksjonalistisk uttrykk.

Hovedstrukturen utgjøres av to firkanter med atrier i midten som gir lys til 1. etasje med bl.a. vrimleareal og bibliotek. I andre etasje sikrer en ytre og en indre gang en sirkulær flyt. Det er fra starten lagt opp til fleksible romløsninger og -størrelser med mange lettvegger. Selv om det er gjort en del endringer er det fortsatt mye fin og original detaljering samt karakteristisk materialbruk i interiøret: Sandblåst betong, keramikkfliser, lys eik, rustfritt stål og nøkterne striekledte vegger er fremtredende karakteristika. Også ytterveggenes lamellkonstruksjon er et synlig og strukturerende element i interiøret.



TILTAKSHAVER	KLEPP KOMMUNE	
TILTAK	PROSJEKT 1200 – KOMMUNEHUS/KYRKJE	
KAP.	Invitasjon til prekvalifisering	Side 10 av 19

Kulturminne

Merknader og forventningar frå fylkeskommunen om å ta vare på eksteriøret til rådhuset frå 1973 gjer at spørsmålet om korleis 70-tallsfasaden blir presentert frå Jærvegen blir ein viktig del av oppdraget med å ta vare på kulturminnet frå 70-talet. Kommunen og fylkeskommunen er samde om at i kva grad og på kva måte bevaring av eksteriøret skal skje må svarast på i arkitektkonkurransen. Bygget har ingen formell vernestatus, og difor er kravet til vern ei oppmoding om å ta vare på deler av fasaden, samt at enkelte element inne i bygget kan tas vare på slik at eks eit el fleire rom viser byggets historikk. Ein legg opp til ein dialog med fylkeskommunen etter at arkitektkonkurransen er gjennomført for å diskutera gjennom korleis løysingsforslaget best tek vare på verneverdiane samtidig som ein oppfyller dei praktiske og tekniske krava.

Rogaland fylkeskommune har vore delaktig i prosessen for å rehabilitera rådhuset heilt sidan gjennomføringa av parallelloppdraget i 2016. Det er og gjennomført dialogmøte med fylkeskommunen angåande vidare detaljregulering og arkitektkonkurranse.

Rogaland fylkeskommune seksjon for kulturarv skriv i sin merknad til varsel om oppstart at det er viktig at arkitektkonkurransen legg opp til ein breiast mogleg «idèdugnad». Gitt at det er klare verneverdiar både inn- og utvendig, samtidig som det må tas store grep, er det ikkje noko eintydig svar på korleis ein best vil kunne ivareta vernet.

Difor fastsett detaljreguleringa ikkje spesifikke krav til bevaring og utforming av kommunehuset.

Klima og miljøperspektiv

Klepp kommune sin klima og miljøplan stiller krav om 40% reduksjon av klimagassutslepp innan 2030. I dette prosjektet er fokuset arealeffektivitet ved sambruk, energiøkonomisering mot null energi og BREEAM sertifisering.

TILTAKSHAVER	KLEPP KOMMUNE	
TILTAK	PROSJEKT 1200 – KOMMUNEHUS/KYRKJE	
KAP.	Invitasjon til prekvalifisering	Side 11 av 19

7.0 OM ARKITEKT KONKURRANSEN

Det skal haldast ein avgrensa arkitektkonkurranse på dette prosjektet, med sikte på å tildela det etterfylgjande prosjekteringsoppdrag til vinnaren. I prekvalifiseringa vil det velgja ut 4 søkarteam til prosjektet. Det er Klepp kommune si intensjon at plan- og designkonkurransen skal fyljast opp med prosjektering og oppføring av bygg og uterom. Oppdraget er å rekna som offentleg innkjøp/ tilskaffing og konkurransen vil derfor bli halden etter reglane om Plan- og designkonkurransar (Anskaffelsesforskriften Del V).

Konkurransen vil bli gjennomført med hjelp frå Norske Arkitektars Landsforbund (NAL), og vil konsekvent overhaldast av anonymitetssprisippet og faglag kompetent jury.

Sjølve konkurransen kjem våren 2021 med påfølgjande juryering og avgjersle sommaren 2021.

Fagjury

Juryen vil vera samansett av ordførar, kommunedirektør, kultursjef, kommunalsjef, ein sivilarkitekt oppnevnt av NAL, ein sivilarkitekt frå kommunen og to representantar frå Klepp kyrkjelyd. NAL er Jurysekretær.

Vurderingskriterier juryering Konkurranseforsлага vil bli evaluert på bakgrunn av ei heilskapleg vurdering/ heilskapsvurdering basert på korleis forslaget har svart på konkurranseoppgåva. Gjennom konkurransen er det ønskjeleg å finna fram til løysningsforslag som samla sett ivaretar intensjonane og krava som ligg til grunn for konkurransen på ein best mogleg måte.

Løysningsforslaget vil bli evaluert etter ei heilskapleg vurdering basert på følgjande kriterier for vurdering (bedømmelseskriterier) i prioritert rekjkjefølgje:

1. **Overordna arkitektonisk grep**- samla skal det arkitektoniske grepet medvirka til å få eit nøkternt signalbygg som gir rom for mangfold, aktivitet og samskaping, skal verta eit bygg for alle.
 - Forhold til omgjevnader og tilpasning til staden
 - Gjev innbyggjarane gode og inkluderande møtestader
 - Skapar bindingar mellom kyrkja, administrasjonen, kultur, bibliotek og omgjevnader både visuelt og funksjonelt
 - Integrerer funksjonar og tenestar i eit bygg på ein arealeffektiv måte, der same areal kan fylle fleire funksjoner på ulike tider på døgeret.
 - Gjer det lett å orientera seg og forflytta seg i bygget for publikum, i alle aldrar og med ulike funksjonsnivå.
2. **Bærekraftige løysingar, miljømessig og økonomisk** Løysingar som vil gje vesentleg reduksjon i klimagassutsleppet (i forhald til samanliknande referansebygg)

TILTAKSHAVER	KLEPP KOMMUNE	
TILTAK	PROSJEKT 1200 – KOMMUNEHUS/KYRKJE	
KAP.	Invitasjon til prekvalifisering	Side 12 av 19

- Har materialkvaliteten som tåler intensiv bruk over tid
- Som sikrar låge driftskostnader i eit livslaupsperspektiv

3. Realisme med tanke på moglegheiter for gjennomføring/ realisering av prosjektet, heilskapsøkonomi

- Konseptet skal kunna gjennomførast innenfor allereie vedtekne ramer
- Synleggjera opp og nedskaleringsmoglegheiter gjennom å prioritera kva deler av prosjektet som kan aukast / el reduserast dersom ein skal tilpassa byggjekostnadane.

Økonomi

Prosjektet har eit budsjett totalt på 420 mill inkl mva, med byggjekostnad inkl generelle kostnader på 240 millionar eks mva.

Det er viktig at løysninga er økonomisk **realistisk** og innafor ramene. Arkitektkontor skal lage ei kalkyle av løysningsforslaget for å visa at det er innanfor ramene, i tillegg vil alle forslaga gjennomgå ei overordna kalkyle av ein uavhengig rådgjevar før vinnar vert kåra. Arkitektkontor skal utarbeida et budsjett for arkitekttjenesten i gjennomføringsfasen av prosjektet. Nærare detaljer om dette vil inngå i programmet til arkitektkonkurransen.

Oppdragsgivar gjer særleg merksam på at vidare gjennomføringa av prosjektet er avhengig av at prosjektet får tilfredsstillande finansiering og godkjenning av myndighetene. Tilbydar kan ikkje krevje erstatning dersom prosjektet skulle bli avlyst som følgje av manglande finansiering, godkjenning eller annan sakleg grunn. Atterhald om stadfesta reguleringsplan.

Oppdragsgivar har rett til å bruke forslag frå ulike løysningar i det endelige forslaget.

TILTAKSHAVER	KLEPP KOMMUNE	
TILTAK	PROSJEKT 1200 – KOMMUNEHUS/KYRKJE	
KAP.	Invitasjon til prekvalifisering	Side 13 av 19

8.0 OM PREKVALIFISERINGA

Prosjektet vil basera utveljinga av deltakar etter prinsippet dynamisk utveljing". Dette inneber at ein ynskjer å finna frem til utvalde kontor/team, med ulik faglege ståstad og referansar/bakgrunn, idet ein reknar at dette venteleg vil kunne gi breiast mogleg bilete av løysinga av konkurranseoppgåva og tomta/situasjonen sitt potensiale med utgangspunkt i rehabilitering av eksisterande rådhus samt tilføring av eit tilbygg med kyrkjesal.

Det vil bli lagt vekt på tilbydarar sine erfaringar frå relevante oppdrag og konkurransar, og vidare vekt på tilbydar si oppgåveforståing og metodiske tilnærming. Referanseprosjekt, estetikk, tilbudde medarbeidar.

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	19.01.2021
Frist for å levere søknad	28.01.2021
Val av konkurransedeltakar	22.02.2021

Honorar

Prekvalifiseringa tek sikte på å velge ut 4 deltagarar i konkurransen. Desse vert honorert med **NOK 200.000 eks mva**. Under føresetnad av komplett innlevering av det materialet som vert krevd utarbeidd. Krav til innlevert materiale i plan- og designkonkurransen vil gå fram av konkurranseprogrammet. (med etterhald om justeringar frem til konkurransefasen blir innleia).

Utvelgelseskomite Utvelgelseskomiteen vil vera samansett av innkjøpssjef, kultur konsulent, arealplanlegger, personalsjef, representant frå kyrken og prosjektleder frå eigendom, sivilarkitekt utnemnd av NAL

Kvalifikasjons-kriterium	Kvalifikasjonskrav	Dokumentasjon

TILTAKSHAVER	KLEPP KOMMUNE	
TILTAK	PROSJEKT 1200 – KOMMUNEHUS/KYRKJE	
KAP.	Invitasjon til prekvalifisering	Side 14 av 19

Kapasitet	Det blir stilt krav om at tilbyder har tilstrekkeleg kapasitet til å gjennomføre oppdraget.	Oversikt over tilsette i arkitektforetaket. For fleirfaglege firma skal det opplystast særskilt om tilsette med kompetanse innan arkitektfaget og rehabilitering.
Organisatorisk og juridisk stilling	Det blir stilt krav om at tilbydar har eit lovleg etablert føretak	Firmaattest, for utanlandske firma blir det stilt krav om tilsvarande attest bestemt ved lovgivinga i det landet der føretaket er registrert.
Firmaet si finansielle og økonomiske stilling	Leverandøren skal ha økonomisk kapasitet til å gjennomføre kontrakten	Oppdragsgivar vil sjølv kunne innhente kredittvurdering/-rating frå offentleg godkjent kredittvurderingsinstitusjon Tilbydar skal på førespurnad kunne framlegga: Årsrekneskap for dei siste 2 rekneskapsåra (2018 og 2019) som inkluderer Styret sin årsrapport, resultatrekneskap, balansen, noter, og revisjonsrapport. Det blir akseptert minimum karakteren "tilfredsstillende" innafor to av følgande kriteria: likviditet, lønsemeld og soliditet, jfr. Proff Forvalt si rangering og/eller minimum B3 på analysen Sannsynlighet for konkurs. Ein

TILTAKSHAVER	KLEPP KOMMUNE	
TILTAK	PROSJEKT 1200 – KOMMUNEHUS/KYRKJE	
KAP.	Invitasjon til prekvalifisering	Side 15 av 19

		føreset at tilbydar har gjort seg kjent med registrerte opplysningar om føretaket og samtykker ved innlevering av tilbodet sitt til at opplysningane kan innhentast og leggjast til grunn for vurdering av tilbydar sine økonomiske forhold. Dersom leverandøren av gyldige grunnar ikkje kan godtgjere si økonomiske stilling i tråd med ovanfornemnte dokumentasjonskrav, vil oppdragsgivar vurdera anna eigna dokumentasjon, til dømes erklæring frå finans-institusjon om selvkuldnarkausjon.
--	--	---

Tilbydar som vil støtte seg på andre føretak kapasitet/kompetanse for å bli kvalifisert, må godtgjere at dei reelt disponerer over dei aktuelle ressursane. Som dokumentasjon kan leggjast ved t.d. forsida på signert avtale mellom partane eller eiga erklæring frå underleverandør om at ressursar vert stilt til disposisjon for gjennomføring av kontrakten.

Utveljingskriteria

Om kriteria for utveljing

Dersom det melder seg fleire enn 4 leverandørar som oppfyller minstekrava til kvalifikasjonar, vil oppdragsgjevar rangera leverandørane etter følgjande utveljiskriterier:

- Kriterium 1: Team saman setjing og kompetanse (vekting 30%)
- Kriterium 2: Referanseprosjekt medarbeidarane si erfaring (vekting 30%)
- Kriterium 3: Oppgåveforståing (vekting 40%)

Kriterium 1: Team samansetjing og kompetanse (Vekting 30%)

Teamet si samla kompetanse og erfaring frå tilsvarande oppdrag og tilbudde nøkkelpersonar sin kompetanse:

Det er ønske fra oppdragsgiver om erfaring frå restaurering av store bygg, samt kompetanse frå prosjektering av kulturbrygg og/eller kyrkjebygg. For å oppfylla erfaringskravet må det dokumenterast erfaring frå planlegging og prosjektering av administrasjonsbygg, kulturbrygg og/eller kyrkjebygg.

Erfaring og kompetanse må dokumenterast gjennom:

- Ein kortfatta firmapresentasjon med vekt på kompetanse (1 A4-side)
- Inntil 5 utvalde referanseprosjekt (maks. 2 sider pr. prosjekt) som minimum inneholder
 - o Kort skildring av prosjektet sin relevans og kvalitetar
 - o Bilete og illustrasjonar
 - o Stad, areal
 - o Tidspunkt for utføring
 - o Kontraktsverdi

TILTAKSHAVER	KLEPP KOMMUNE	
TILTAK	PROSJEKT 1200 – KOMMUNEHUS/KYRKJE	
KAP.	Invitasjon til prekvalifisering	Side 16 av 19

o Namn på oppdragsgjever med kontaktperson og kontaktopplysninger

- CV-ar for nøkkelpersonell med kompetanse innan arkitektur

Erfaring og kompetanse må dokumenterast gjennom:

- Ein kortfatta firmapresentasjon med vekt på kompetanse (1 A4-side)

Kriterium 2: Referanseprosjekt medarbeidarane si erfaring (vekting 30%)

Dokumentasjon av erfaring frå oppdrag med tilsvarende oppgåver og utfordringar eller frå lignande prosjekter med relevant overføringsverdi. De foreslårte medarbeidarane si rolle i referanseprosjektene må beskrivast.

Det skal gjevast ei kort beskriving av prosjektene som minimum skal omfatte: byggjerre, når utført, kva som var oppgåvene og kva ansvar den tilbude prosjektmedarbeidaren hadde i prosjektet, samt spesielle forhold som kan være relevant i forbindelse med dette prosjektet.

Relevante referanseprosjekter, med overføringsverdi; 1stk A4-side pr. referanseprosjekt. Ei liste med oversikt over referanseprosjekter.

Kriterium 3: Oppgåverforståing (vekting 40%)

Vurdering av dokumentert oppgåverforståing

Opgåverforståinga vil bli vurdert i forhold til korleis denne spesifikke oppgåva blir forstått, ikkje på generelt grunnlag.

I tillegg til det arkitektoniske vil det også bli lagt vekt på korleis byggherren og brukarane kan oppnå sine mål med prosjektet

Opgaveforståinga skal også beskrive korleis oppgåva skal verta løyst i prosjekterings- og byggjefase med stikkord som stedlig kompetanse, responstid, kjennskap til utfordringar med rehabilitering der stedlig tilstedeværelse kan vera nødvendig.

TILTAKSHAVER	KLEPP KOMMUNE	
TILTAK	PROSJEKT 1200 – KOMMUNEHUS/KYRKJE	
KAP.	Invitasjon til prekvalifisering	Side 17 av 19

Filformat

- Fylgjande filformat vert akseptert. Filene skal være frie for virus og ikkje krypterte:
- Tekstdokument: PDF/A, TIFF eller Word
- Tabellar: Excel
- Bildefiler: JPEG eller TIFF

Språk

Tilbodet skal utformast på norsk.

Spørsmål til konkurransegrunnlaget

All kommunikasjon i prosessen skal gå via Mercell-portalen. Dette for at all kommunikasjon skal verta loggført. Når du er inne på konkurransen skal du velgje fanebladet "Kommunikasjon". Klikk deretter på ikonet "Ny melding" i menylinja. Skriv inn informasjon til oppdragsgivar og trykk deretter på "Send" . Oppdragsgjevar mottar så meldinga di. Viss spørsmålet gjeld alle tilbydarane vil oppdragsgjevar svara på dette anonymisert ved å gi svaret som ein tilleggsinformasjon. Tilleggsinformasjon er tilgjengeleg under fanebladet "Kommunikasjon" og deretter under fanebladet "Tilleggsinformasjon". Du vil også få ein e-post med link til tilleggsinformasjonen

TILTAKSHAVER	KLEPP KOMMUNE	
TILTAK	PROSJEKT 1200 – KOMMUNEHUS/KYRKJE	
KAP.	Invitasjon til prekvalifisering	Side 18 av 19

Innleverings stad

Alle tilbod skal leverast elektronisk via Mercell-portalen, www.mercell.com, innan tilbodsfristen. Merk at tilbod ikke blir sett på som levert før tilboden er digitalt signert, det er ikke tilstrekkeleg at tilbodsdokumenta er lasta opp i Mercell-portalen. Tilbod som ikke kjem tidsnok vil bli avviste. Mercell-portalen tillèt heller ikke å sende inn tilbod etter at tilbodsfristen er ute.

Ein tilrår at tilboden vert levert i god tid før fristen er ute.

Dersom du har spørsmål knytt til funksjonaliteten i Mercell. må du ta kontakt med Mercell Support på tlf.: 21 01 88 60 eller på e-post: support@merccell.com. Rettleiar, samt 'ofte stilte spørsmål' til verktøyet, finn du ved å klikke her.

Du vil under innlevering av tilboden bli bedt om elektronisk signatur for å stadfeste at det er aktuell tilbydar som har sendt inn tilboden. Elektronisk signatur blir skaffa på www.commfides.com, www.buypass.no eller www.bankid.no Me gjer merksam på at det kan ta nokre dagar å få levert elektronisk signatur og at denne prosessen derfor bør setjast i gang så snart som mogleg.

TILTAKSHAVER	KLEPP KOMMUNE	
TILTAK	PROSJEKT 1200 – KOMMUNEHUS/KYRKJE	
KAP.	Invitasjon til prekvalifisering	Side 19 av 19

9.0 VEDLEGG

- Nærleiksdiagram
- Teikning av eksisterande rådhus
- Grunnundersøking
- Geoteknisk vurdering av fundamenteringsforholdene.
- Planomtale for detaljregulering for kommunehus og kyrkje
- Planbestemmelser detaljregulering for kommunehus og kyrkje
- Plankart- detaljregulering for kommunehus og kyrkje